



Oliver, Anine og Ella Karina hjelper Elin Enes og Janne Hjørnevåg med kafèdrifta lørdag (foto: Thor Inge Døssland)

Laurdag var det open førjulskafe i Sætrehuset. Det var dei driftige damene i turngruppa som stod bak dette trivelege tiltaket. Her kunne uskedelinger og andre ta seg ein tiltrengt pust i førjulsstria. Inne i kafèen var atmosfæren både avslappande og koseleg.

Det var Elin Enes og Janne G. Hjørnevåg som styrte butikken saman med ivrige born. Janne og Elin kunne fortelja at det var ei oppfølging etter julebutikken dei hadde under den store julemarknaden. I kafèen selde dei derfor både julekaks og julepynt i tillegg til at dei freista med både vafler og lappar i tillegg til både kaffi og varm kakao.

- Vi gjer dette først og fremst for å skaffa pengar til nytt utstyr til bruk i hallen, fortel dei to kafèvertane.

- Mykje av utstyret som er der, er gammalt og dårleg. Det treng derfor å fornyast. Skal vi kunna vera eit godt tilbod til unge og eldre, treng vi nødvendig utstyr.

Mellom anna skal dei kjøpa inn eit nytt skumapparat til 13.000kr slik uskedalen.no har skrive om tidlegare.

I tillegg til å skaffa pengar til drifta har dei og klart å skapa eit koseleg tiltak for oss uskedelinger. Derfor håpar vi at dette kan verta eit årvisst innslag i bygdebildet.

-Thor Inge Døssland